



Plan og byggesak
Marianne Aadland Sandvik
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2010 - 21/17384

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
12.03.2021

Uttale frå landbruk til søknad om dispensasjon frå arealføremål og byggegrense mot sjø og vassdrag - gbnr 214/118 Fyllingsnes

Tiltak:Avløpsanlegg og parkeringsplassByggjestad
Gbnr: 214/118Tiltakshavar:Alver kommune, Eigedom
Ansvarleg søkjar:Haugen VVA AS

Saka gjeld søknad om bygging av ny tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass, køyrbar gangveg til sjø i Litlevågen, samt etablering av kommunalt avløpsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø. Tiltaket omfattar gbnr 214/2, 214/114 og 214/118

Slik me vurderer saka er det ikkje naudsynt med omdisponering etter jordlova sin § 9 då tiltaket ikkje berører dyrka eller dyrkbar mark. Skal arealet delast frå er det naudsynt med delingsløyve etter jordlova sin § 12, det er pårekeleg at det kan gjevast slikt løyve.

Arealet som vert omfatta av tiltaket er ein mindre teig som på grunn av plassering og form ikkje har særleg stor verdi som landbruksareal.

Det er i søknaden gjort grundig greie for verknad av tiltaket på biologiske mangfald, og det er gjort framlegg til avbøtande tiltak. Landbruksavdelinga har ingen merknader utover dette, men vil peika på at det er viktig både for naturen og samfunnet å få etablert gode avløpsløyvingar og leggja til rette for friluftsliv og tilkomst til sjø.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG